




SURNADAL KOMMUNE

Skule for framtida

- grep for kvalitet og økonomisk berekraft



Innhold

Innleiing	2
Føremål med høyringsdokumentet	2
Høyringsprosess	3
Statens ansvar og kommunen si oppgåve	3
Oppvekstsektoren sine moglege bidrag til innsparingar	6
Barn si bestevurdering	6
Moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren	7
Kriterium for vurdering	9
Barnehage og skulen si rolle i nærmiljøet	10
Skuleveg, reisetid og transport	12
Fagleg pedagogisk vurdering	14
Leiing og profesjonsutvikling i skulen	15
Framtidige behov og utfordringar	17
Befolkningsutvikling og demografiske prognoser	17
Nasjonale styringssignal	19
Behov for kompetanse og årsverk	19
Dagens skulestruktur	20
Oversikt over eksisterande skuler	20
Tilstand på bygg og fasilitetar	20
Ulike alternativ til ny skulestruktur	21
Alternativ 1 – samle tre grunnskular ved Subus	21
Alternativ 2 – samle to grunnskular ved Subus (Mo og Bø/Bæ)	25
Alternativ 3 – flytte ein grunnskule til Subus (Mo)	26
ROS-analyse og konsekvensar	28
Litteraturliste	30
Vedlegg	31

Innleiing

Føremål med høyringsdokumentet

I innleiinga til høyringsdokumentet presenterer kommuneleiinga ei overordna framstilling av bakgrunnen for kvifor Surnadal kommune må vurdere noverande og framtidige økonomiske prioriteringar. Føremålet er å vise kva ansvar kommunen har, og korleis kommunestyret kan ta gode avgjerder som oppfyller kommunens oppdrag. Det handlar om å sikre mest mogleg likeverdige og gode tenester for alle innbyggjarane.

Surnadal kommune er i en særskilt krevjande økonomisk situasjon. Dette heng saman med den økonomiske stillinga vi ser etter framlegginga av den ureviderte årsrekneskapen for 2024.

Surnadal opplever at samansetninga i kommunens befolkning endrar seg, det vil si at vi har eit demografisk press. Det gjer at behovet for kommunale tenester endrar seg og aukar i omfang. Dette merker vi allereie no, og utfordringane vil berre vekse i åra som kjem. I tillegg til auka behov hos dei eldre, ser vi og ein tydeleg vekst i behovet for meir omfattande tenester til andre grupper i befolkninga. Barn med store og samansette behov har auka betydeleg på kort tid.

Basert på rekneskapen for 2024 har vi eit udekket meirforbruk på ca. kr. 17 800 000,-. Netto driftsresultat viser eit samla underskot på kr. 35 000 000,-. Dette gjer at vi no er på veg inn i ROBEX «Register for betinget godkjenning og kontroll». Kommunedirektøren er overtydd om at Surnadal framleis vil vere ein god kommune å bu, leve, arbeide og drive næring i – også etter dei krevjande omstillingane og endringane vi no må gjennom for å få ein sunn og berekraftig økonomi.

Målet med desse omstillingane er å sikre at vi også i framtida kan tilby gode offentlege tenester, sjølv om framtida er usikker og påverka av utviklinga i verda. Vi står framfor store rekrutteringsutfordringar i mange sektorar, og det betyr at vi må organisere oss og tenkje annleis enn før for å få bemanninga til å gå opp.

Difor ønskjer kommunedirektøren å gje politikarane eit godt grunnlag for å vurdere om endringar i oppvekstsektoren inkludert endringar i skulestrukturen kan vere eit mogleg tiltak for å oppnå ein meir berekraftig økonomi i Surnadal kommune.

Dette høyringsdokumentet gir ei oversikt over situasjonen i oppvekstsektoren i dag. Deretter blir framtidige utfordringar og behov presenterte. Til slutt blir det lagt fram forslag til tiltak kommunen kan gjennomføre for å møte behovet for nødvendige innsparingar. Dokumentet inneheld også aktuelle vedlegg som grunnlag for saka.

Oppsummert handlar saka om kva økonomiske omprioriteringar Surnadal kommune må eller kan gjere i oppvekstsektoren for betre å kunne ivareta kommunens samla oppgåver, i lys av dei befolkningsendringane vi står overfor dei næraste åra.

Høyringsprosess

Før kommunestyret eventuelt kan fatte endeleg vedtak om ny grunnskulestruktur, må saka vere tilstrekkeleg opplyst. Som ein del av sakshandsaminga skal saka leggst ut på høyring. Barn og unge si stemme skal særleg bli høyrte.

- Drøftingar med aktuelle tillitsvalde før politisk handsaming i aktuelle politiske fora, 04.06.2025.
- Forslaget vert sendt på høyring 26.06.2025.
- Høyringa er open for alle som ønskjer å kome med innspel. Særleg vekt blir lagt på barn og unge sine stemmer, gjennom høyringar i elevråd, ungdomsråd og samarbeidsutvala (SU/SSU).
- Dialogforum vert gjennomført ved alle skulane i perioden 25.-31.08.2025 (veke 35).
- Frist for å sende inn høyringsinnspel er 15.09.2025.
- Surnadal kommune vil vurdere alle innspel som kjem inn i høyringsperioden.

Endeleg forslag til innsparingstiltak i oppvekstsektoren 02.10.25 i Kommunestyret.

Korleis gje innspel

Det vil bli lagt ut informasjon om høyringa på høyringssida til Surnadal kommune. Der vil det stå informasjon om fristen for innspel, og korleis og kvar ein kan sende inn sine innspel.

Videre prosess etter høyring

Med bakgrunn i det som så langt har kome fram gjennom arbeidet med høyringsdokumentet, altså pr den 03.06.2025, så er innstillinga til kommunedirektøren at Surnadal kommune gjer endringar i sin grunnskulestruktur som medfører at all grunnskuleaktivitet vert samla på Øye-området.

Surnadal kommune vil etter administrasjonen si vurdering, også med ei ny organisering av opplæringstilboda våre, gje opplæringstilbod av høg kvalitet til våre elevar.

Høyringsdokumentet gjer greie for ei heilskapleg vurdering av moglegheiter for innsparing og utfordringar knytt til eventuelt ny organisering.

Vi håpar på stort engasjement og mange innspel i høyringsperioden som gjer oss eit godt grunnlag for å gjere gode vurderingar og ei god endeleg innstilling.

- Kommunestyret gjer endeleg vedtak om tiltak i oppvekstsektoren 02.10.25. Vedtaket dannar grunnlag for vidare arbeid saman med dei det gjeld; elevar, tilsette med fleire.
- Endringar i forskrift knytt til skulekretsar vert gjort i etterkant av eit eventuelt vedtak 02.10.25.

Statens ansvar og kommunen si oppgåve

Det er staten sitt ansvar å leggje til rette for gode tenester til alle innbyggjarane i landet. Opplæring er òg eit statleg ansvar, men oppgåva er delegert til kommunane, med mål om å sikre eit likeverdig

tilbod til alle barn og unge. Korleis kvar enkelt kommune løyser denne oppgåva i praksis, blir sjeldan diskutert på statleg nivå.

Med utgangspunkt i KOSTRA-tala for Surnadal kommune (KOSTRA, 2024), ser vi no at kommunen er i ein økonomisk situasjon der utgiftene er større enn inntektene. Surnadal kommune kan ikkje planleggje drifta basert på årlege underskot. Det betyr at det raskt må gjerast økonomiske omprioriteringar som vil påverke mange innbyggjarar.

Denne gongen handlar det spesielt om barnehage- og skuletilbodet i kommunen. Det må leggst til rette for å redusere driftsutgiftene, samstundes som ressursane blir omprioriterte slik at andre brukargrupper også får dekkja sine behov. Dette fører til at ulike behov blant innbyggjarane blir vegne opp mot kvarandre. Målet – både no og i framtida – er likevel å gi alle innbyggjarar i Surnadal eit godt og rettferdig tilbod.

Samtidig fører staten kontroll med at pengane blir brukt i tråd med nasjonale føringar. Dette skjer for eksempel gjennom økonomiske rapportar til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, eller gjennom kvalitetskontrollar som nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn og grunnskuleeksamen etter 10. årstrinn. Staten får òg innsikt i læringsmiljøet i kommunen gjennom den årlege elevundersøkinga.

Desse verkemidla gir staten eit innblikk i korleis oppgåvene blir utførte, og ved svake resultat kan staten tilby kommunen oppfølging og kompensande tiltak. Eit av verkemidla staten kan ta i bruk dersom kommunen ikkje klarer å forvalte økonomien, er økonomisk kontroll gjennom ROBEK-ordninga via Statsforvaltaren (meir om ROBEK seinare i dokumentet).

Staten løyver pengar over statsbudsjettet til kommunane, slik at dei kan ivareta lovpålagde oppgåver for ulike grupper i befolkninga. I tillegg til statlege overføringar får kommunane inntekter gjennom kommunal skatt. Det er kommunestyret sitt ansvar å bestemme korleis desse samla midlane skal fordelast, slik at dei lovpålagde oppgåvene blir oppfylte og kjem alle innbyggjarar til gode.

Oppvekstsektoren og samfunnet speglar kvarandre og utviklar seg i takt. Endringar på samfunnsnivå merkar vi raskt i barnehage og skule. Samfunnet har endra seg frå å vere dominert av primærnæringar til at dei fleste i dag arbeider innanfor sekundær- og tertiærnæringane. Dette gjeld òg for Surnadal. Staten stiller krav til at kommunen legg til rette for ei opplæring som møter både dagens og framtidens behov for fagkompetanse og evne til sjølvstendig tenking.

Surnadal kommune utdannar barn og elevar for framtidens Noreg. Lærarane sin faglege kompetanse i møte med barn og unge er avgjerande. Difor er spørsmålet: Korleis kan Surnadal kommune best mogleg sikre eit opplæringstilbod som gir innbyggjarane den grunnleggjande kunnskapen kommunen treng i framtida?

Surnadal kommune sine overordna mål og ambisjonar for opplæringstilbodet

Kommuneplanen (Surnadal kommune, 2025) er Surnadal kommune sitt overordna styringsverktøy og legg rammene for den langsiktige utviklinga i kommunen. Kommuneplanen har følgjande hovudmål:

Mål 1: Surnadal kommune har trygge og inkluderande lokalsamfunn

Mål 2: Grøn og framtidretta verdiskaping

Mål 3: Klima, natur og miljø for framtida

Mål 4: Samfunnstryggleik og beredskap

Mål 5: Surnadal kommune skal vere ein open organisasjon og ein attraktiv arbeidsgjevar

Mål 6: Surnadal kommune har ein berekraftig økonomi og tenesteproduksjon

Desse måla er styrande for alt arbeid i kommunen. Den økonomiske situasjonen med underskot i 2024 gjer det nødvendig å ta gode grep, slik at målet om ein berekraftig økonomi kan nåast så raskt som mogleg.

Oppvekstsektorens bidrag for å nå kommunemåla

Hovudmålet for oppvekstsektoren i Surnadal er at barn og unge skapar og lever meningsfylte liv – no og i framtida. I Oppvekstplan 2020 står det vidare om kommunen sine ambisjonar for oppvekstsektoren:

Oppvekstsektoren i Surnadal skal vere framtidretta, og gi barna eit godt læringsmiljø, faglege utfordringar for alle, og moglegheit til å vekse, lære og utvikle seg ut frå eigne føresetnader og behov. Barna skal vere med på å skape og leve meningsfulle liv – no og i framtida.

Oppvekstsektoren skal bidra inn i Surnadal kommune sitt arbeid med å nå dei felles måla:

Mål 1: Surnadal kommune har trygge og inkluderande lokalsamfunn

Skulestrukturen og skulebygga skal gi gode rammer for læring og arbeid, og vere tilpassa både dagens behov og framtidig elevvekst. Bygga skal halde høg kvalitet. Både inne- og uteområde skal bidra til inkluderande fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle. Sjølv om skulebygg åleine ikkje kan jamne ut forskjellar eller hindre utanforskap, kan gode og læringsfremjande omgjevnader bidra til betre trivsel, deltaking og gjennomføring i skulen.

Mål 2: Grøn og framtidretta verdiskaping

Skulane fremear praksisnær undervisning og samarbeid med lokalt næringsliv. Vi har fokus på kritisk tenking og bruk av digitale verktøy for å støtte læring og utvikling.

Mål 3: Klima, natur og miljø for framtida

Oppvekstplana viser til FNs berekraftsmål, spesielt mål 4 (god utdanning) og 17 (samarbeid for å nå måla), og understrekar samanhengen mellom miljø, økonomi og sosiale forhold.

Oppvekstsektoren har over tid arbeidd med eit framtidsbilete for 2040 og arbeid med berekraftig utvikling.

Mål 4: Samfunnstryggleik og beredskap

Årlege kvalitetsmeldingar og utviklingsbesøk bidreg til å sikre tryggleik og kvalitet i tenestene. Fokus på robuste og kompetente leiarar som kan handtere endringar og kriser.

Mål 5: Surnadal kommune skal vere ein open organisasjon og ein attraktiv arbeidsgjevar

Vi legg opp til samskaping med tilsette, foreldre og andre aktørar.

Vi driv aktivt med leiarutviklingsprogram (ROLU) og krav om rektorskule for nye leiarar.

Vi har fokus på kollektive læringsprosessar og arbeidsplassbasert kompetanseutvikling.

Mål 6: Surnadal kommune har ein berekraftig økonomi og tenesteproduksjon

Vi har saman med regionen Oppvekstnettverk Nordmøre handlingsplanar fram til 2027 og årlege evalueringar sikrar kontinuitet og tilpassing. Vi samarbeider med andre kommunar (Nettverk Nordmøre) og bruk av nasjonale ressursar (NTNU, KS, PPT) i eit omfattande utviklingsarbeid.

Oppvekstsektoren sine moglege bidrag til innsparingar

I dette kapitelet vil vi fyrst gjere greie for korleis kommunen kan leggje til rette for vurdering av barnas beste. Deretter gjer vi greie for moglegheiter for effektivisering og innsparing i oppvekstsektoren i kommunen. Høyringsdokumentet har som mål å legge grunnlag for gode politiske avgjersle i kommunen.

Barn si bestevurdering

Kommunedirektøren vil i høyringsperioden gjennomføre ei vurdering av barnets beste, i tråd med krava som følgjer av FNs barnekonvensjon og Barneombudet sine retningslinjer. Det blir lagt til grunn at retten barn har til utdanning, slik ho er formulert i barnekonvensjonen, sjølvstøtt og skal bli ivareteke i Surnadal kommune.

Forslaget om endringar i kommunen si skulestruktur eller andre tiltak som vedkjem skuletilbodet til barn og unge har direkte konsekvensar for barn. Dette gjeld både for elevane ved skulane som er foreslått flytta eller endra, og for dei barna som skal ta imot nye medelevar som følgje av endringa. Vurderinga omfattar òg barn som i framtida skal begynne på ein av dei skulane som eventuelt vert flytta inn til Subus (Surnadal barne og ungdomsskule).

Ei barnerettsvurdering kartlegg korleis eit tiltak påverkar barn sine ulike rettar, og gir eit naudsynt kunnskapsgrunnlag for at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn før det blir fatta endeleg vedtak. Vurderinga av barnets beste vil bygge på samtalar med elevråd og ungdomsråd hausten 2025, i god tid før kommunestyret skal fatte vedtak i oktober. Vurderinga blir tilrådd gjennomført i tråd med Barneombudet sin mal, som skildrar desse fem stega:

1. Vurder omfanget av barnerettsvurderinga
2. Identifiser kva rettar som blir påverka
3. Innhent kunnskap og vurder barn sin medverknad
4. Vurder konsekvensar for barn
5. Gjer ei samla vurdering og konkluder

(Kjelde: www.barneombudet.no, 12.05.2025)

Ved eit kjeldesøk i samband med vurderingar av barnets beste knytt til endringar i skulekretsar, ser vi at fleire kommunar har gjennomført slike vurderingar. Drammen kommune er ei av dei. Der har

kommunen hatt samtalar med elevråda ved dei påverka skulane, og samla elevane sine innspel innanfor desse områda: trafiksikkerheit, uteområde, plass inne, sårbarheit, fritidsaktivitetar, skulevegen og likeverd (Drammen kommune, 15.05.2025).

Moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren

Skulestruktur – skulekretsane i kommunen

I opplæringslova er det omtala kva grunnskule elevane skal gå på. Ein skulekrets definerer kva skule barnet skal begynne på. Hovudregelen er at barnet skal gå på skulen som ligg nærast heimen, nærskolen. Nærskuleprinsippet er nedfelt i opplæringslova og skal sørge for at barn får begynne på den næraste skulen. Etter søknad kan eleven tas inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.

For Surnadal er skulekretsane regulert i forskrift om skulekrets frå 1995 (vedlegg 2), samt nye forskrifter ved samanslåing av Bøfjorden og Bæverfjord skular i 2013 (vedlegg 3) og samanslåing av Todalen og Stangvik skular i 2021 (vedlegg 4). Ved endring av skulekretsane må det lagast ny forskrift.

Ettersom skulestrukturen (sak 11/25) er mest omfattande får dette forslaget til innsparing mest merksemd i dette høyringsdokumentet. Skulestrukturen blir detaljert skildra frå side 19.

Andre moglegheiter for effektivisering

MOT

«**MOT Noreg**» (mot.no, 2025) er ein ideell, ikkje-kommersiell organisasjon som vart etablert i 1997. MOT tilbyr førebyggjande og haldningsskapande program til ungdomsskular og vidaregåande skular. MOT sitt oppdrag er å utvikle robuste ungdommar som inkluderer andre. MOT sine program er eit verktøy for å arbeide systematisk med å utvikle ungdomane si robustheit og motstandskraft. Målet er at dei skal stå sterkare i møte med samfunnsutfordringar som mobbing, utanforskap og psykiske vanskar.

Det er særskild viktig å arbeide med å inkludere, førebygge utanforskap og utvikle robuste ungdommar i skulen. I eit framtidsperspektiv med demografiske endringar er det avgjerande å få ungdom gjennom skule og studiar og ut i arbeid. Dette arbeidet må ikkje nødvendigvis skje gjennom eit program som «MOT Noreg». Skulen kan drive slikt arbeid lokalt utan utgifter til samlingar, utstyr og liknande. Lærarane er både utdanna og kompetente til å ta vare på denne delen av skulen sitt dannelsesoppdrag. Å investere desse midla i førebyggjande arbeid vil vere god økonomi på sikt.

Moglegheit for innsparing:

Avslutte medlemskap og lisensar knytt til MOT har ein årskostnad for SUBUS på ca. kr. 320 000,-.

Andre lisensar og medlemsskap

Ein kan òg redusere kostnader knytt til lisensar digitale læremidlar og medlemskap. Skuleleiinga har

sett i gang ein gjennomgang av lisensar til digitale læremiddel og vil prioritere dei som er mest brukte og best eigna.

Moglegheit for innsparing:

Ca. kr. 300 000,-

Auke gruppestorleik på Subus

Med fleire elever inn i Subus ved flytting av elevane ved eit eller fleire oppvekstsenter vil det kunne bli noko større klassar. Med fleire elevar kan ein dele opp i meir hensiktsmessige grupper enn på grendeskulane. Val av språkform og storleik på klasserom er moment som kan påverke det handlingsrommet ein har. Det er usikkert om dette let seg gjere i praksis.

Moglegheit for innsparing:

Ca. kr. 1 000 000,-

Frå tredeling til todeling i oppvekstsentra

Med dei prognosane vi har i dag vil elevtalet tilseie fortsett tredeling, men om økonomien gjer dette umogleg kan ei todeling gi ei teoretisk reduksjon i årsverk tilsvarande ei pedagogstilling pr skule. Kvaliteten på undervisninga vil da mest truleg bli kraftig redusert. Dette er ikkje noko vi kan tilrå. I § 14-2 i Opplæringslova står det at» *Ingen klassar eller grupper skal vere større enn det som er trygt eller pedagogisk forsvarleg*».

Moglegheit for innsparing:

Ca. kr. 900 000,- pr skule

Slå saman barnehagar/reduksjon av areal

Vurdere å flytte Bøfjorden barnehage til Bæverfjord dersom skulen i Bæverfjord blir flytta til Subus. Ein vil kunne spare i underkant av ca. kr. 400 000,- i året på å kutte kostnader til drift ved Bøfjorden barnehage (sjå tabellen på side 20). Lokalane må verte selt ut frå kommunen for at ein skal kunne spare aktuelle beløp. Denne innsparinga ligg til teknisk og ikkje til oppvekst.

Moglegheit for innsparing:

Ca. kr. 400 000,-

Skule- og barnehagebygget i Todalen har og driftskostnader knytt til seg slik som dei står i dag. Her kan ein spare ca. kr. 145 000,- kr i året på å selje lokala ut frå kommunen.

Moglegheit for innsparing:

Ca. kr. 145 000,-

Leirskule

I § 4-6 i Opplæringslova at «Kommunen skal som ein del av grunnskuleopplæringa tilby elevane leirskuleopphald eller anna skuletur med minst tre overnattingar i samanheng».

Pr i dag kjøpar vi eit opphald på Bjørnsund som eit leirskuletilbod. Dette har ei samla kostnadsramme på kr. 470 000,- der 75% av kostnadane er sjølve opphaldet for elevane i leirskuleveka. I tillegg kjem det kostnad på transport og lønn på dei som er med elevane som lærarar. Sannsynlegvis vil ein kunne spare noko på å arrangere noko sjølv men lønnskostnadane vil auke i og med at lærarane har ansvaret for elevane heile døgnet og må ha overtidsbetaling samt kveld- og nattillegg etter gjeldande regelverk. Her er det uklart om det finns reelle alternativ tilgjengeleg for ubemanna leirskule. Kvaliteten på det faglege tilbodet vil sannsynlegvis bli redusert i og med at dei bemanna leirskulane har etablerte gode opplegg og fasilitetar. Kjøp av tenester frå eksterne for å lage gode opplegg kan redusere innsparing.

Moglegheit for innsparing:

Ca. kr. 100.000,-

Andre moglegheiter for innsparing - oppsummert:

Område for innsparing		
MOT	kr	320 000
Auka gruppestorleik i Subus	kr	1 000 000
2-deling grendaskular	Kr	2 700 000
Slå saman barnehagar	kr	400 000 (Bø/Bæ)
Andre lisensar og medlemskap	Kr	300 000
Driftskostnader Totalen oppvekstsenter	kr	145 000
Leirskule	kr	100 000
Totalt	kr	4 965 000

Tabell 1 viser andre moglegheiter for innsparingar.

Kompetansearbeidet i Nettverk Nordmøre er vurdert som noko vi ikkje kan ta inn i dette innsparingsarbeidet. Det er ikkje råd for egen kommune å drifte og finansiere eit tilsvarande arbeid med godt nok fagleg utbytte. Tildeling av regionale kompetansemidler krev interkommunalt samarbeid.

Kriterium for vurdering

Kommunedirektøren legg til grunn at sparetiltak ikkje skal gå ut over kvaliteten i barnehagar og skular. Kva som er god kvalitet i barnehagar og skular, er beskrive i lover, forskrifter, rammeplanar og læreplanar. Omgrepet kvalitet er ikkje eintydig, men blir tolka på ulike måtar. Tilsette si kompetanse er ein viktig del av arbeidet med å sikre kvalitet. I opplæringssamanheng blir kvalitet gjerne forklart gjennom tre hovuddimensjonar:

- Strukturkvalitet
- Prosesskvalitet
- Resultatkvalitet

Strukturkvalitet handlar om dei ytre rammene for verksemda. Dette omfattar lover, reglar, planar, økonomi og kompetansen til dei tilsette. Også dei fysiske rammene – som bygningar, uteområde, utstyr og materiell – er ein del av strukturkvaliteten.

Prosesskvalitet handlar om det som skjer i kvardagen i barnehagar og skular. Det dreier seg om innhald og aktivitetar, og korleis desse blir gjennomførte slik at barn og unge får lære og utvikle seg. Prosesskvalitet omfattar pedagogiske metodar, verdigrunnlaget til personalet og synet på læring. Det inkluderer òg det sosiale og faglege lærings- og arbeidsmiljøet.

Resultatkvalitet viser til kva barn og unge har lært i den tida dei har gått i barnehage og skule - altså det samla utbyttet av opplæringa (Udir, 19. mai 2025)

Følgjande kriterium er lagt til grunn for vurderinga av dei ulike forslaga til innsparing i skulesektoren:

- Skulen si rolle i nærmiljøet
- Skuleveg, reisetid og transport
- Fagleg pedagogisk vurdering
- Leiing og profesjonsutvikling i skulen

Barnehage og skulen si rolle i nærmiljøet

Surnadal kommune har til nå organisert opplæringstilbodet sitt med ein sentralskule og tre oppvekstsenter, der barnehage og skule er samla i same eining. Organiseringa bygger på prinsippet om at barn lærer best i trygge og kjende omgjevnader og at barn og unge i størst mogleg grad skal kunne gå til skulen.

Foreldre er gjerne vande med å forhalda seg til ein barnehage og skule i nærleiken av der dei bur. I mange tilfelle fungerer skulen òg som eit samlingspunkt for bygda, og uroa for å miste det lokale skuletilbodet heng ofte saman med uro for å miste ein viktig sosial møteplass utanom skuletida.

Når folk vel kor dei vil bu, legg dei vanlegvis vekt på fleire faktorar – som skulekrets, barnehagetilbod, jobbtillbod, tilgang til tenester og transportmoglegheiter. For barnefamiliar har skulen særleg stor betydning. I tillegg spelar tilknytning til heimstaden ei viktig rolle. ROS-analysen (vedlegg 1) som er gjennomført i forbindelse med den utgreiinga, peiker på moglege konsekvensar for busetting i nærmiljøet, dersom eit oppvekstsenter eller skule blir nedlagt. Lokalmiljøet mister en viktig sosial møteplass.

Det finst færre studiar om barnehagens betydning for lokalsamfunn. Barnehagar er mindre einingar enn skular og har ikkje geografiske opptaksområde. Om foreldra vel barnehage i nærmiljøet eller ikkje, heng ofte saman med kvar dei arbeider. Drifta i barnehagane er òg mindre økonomisk sårbar, sidan ein stor del av inntektene kjem frå foreldrebetaling.

På same måte som med andre kommunale tenester, er det viktig å vurdere korleis ei eventuell nedlegging av eit oppvekstsenter kan påverke lokalsamfunnet. Det er gjort nokre kvalitative studiar i Norge (Solstad, 2006; Kvalsund, 2009) som har undersøkt samanhengen mellom skuler og å oppretthalde lokalsamfunn.

Konklusjonen i disse studiane er at små skuler er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn fordi det er mange ettermiddagsaktivitetar knyta til skulen. Det er òg fleire eksemplar på at nedlegging av grendeskular har ført til etablering av private nærmiljøskular. Dersom Surnadal kommune vel å justere skulekretsar og legge ned ein eller fleire grendeskolar, er det grunn til å tru at kommunesenteret Skei (Surnadal sentrum), over tid, vil få ei meir sentral rolle som nærmiljø for fleire av kommunens innbyggjarar.

Det er få kommunale og skulepolitiske spørsmål som engasjerer lokalbefolkninga meir enn endring av skulekretsar. I 2024 var det i Noreg 722 skular av totalt 2692 som hadde færre enn 100 elevar. Dette utgjer om lag 27 prosent av grunnskulane i landet. Desse små skulane er ofte fådelt eller udelte, som betyr at ulike årssteg blir underviste saman. For Surnadal kommune gjeld dette Bøfjorden og Bæverfjorden oppvekstsenter, Todalen og Stangvik oppvekstsenter samt Mo oppvekstsenter. I oppvekstsentra i Surnadal er barnehagetilbodet lokalisert i same bygg som skulen.

Om læringsutbytte og -miljøet ved grendeskular

I samband med dette høyringsdokumentet har vi søkt etter litteratur knytt til læringsutbytte og -miljø ved grendeskular. Vi har nytta dei nordiske databasane Oria, Idunn og Google Scholar, og brukt søkjeord som *skulestorleik-skulefaglege prestasjonar/skulestorleik og trivsel/skulestorleik og mobbing*.

Vi har gjort avgrensingar i søket slik at kunnskapen vi har henta inn er valid og reliabel.

Vi finn at det finst lite forskning på dette området. Vi har valt å nytte ei kunnskapsoppsummering av Nordahl (2022). Nordahl (2022) samanfattar norsk, skandinavisk og engelskspråkleg forskning.

Det har vore ei lang tradisjon i Noreg for organisering med grendeskular i kommunar med spreidd busetnad. I samband med Surnadal kommune sine forslag til innsparingsgrep og eventuelle justeringar av skulekretsar, belyser vi følgande spørsmål:

- Korleis er læringsutbytte ved dei små grendeskulane?
- Kva veit vi om påverknaden aldersblanda klasser har for barn si faglege og sosiale utvikling?

Det finst svært lite kvantitativ forskning på læringsutbytte i grendeskular. Nasjonale prøver og avsluttande eksamen etter 10. skuleår gir grunnlag for kvantitativ forståing av læring. Små skular blir ofte haldne utanfor nasjonale samanlikningar. Difor manglar vi kvantitative data som grunnlag for reliable konklusjonar om læringsutbytte ved små grendeskular.

Så tidleg som på 1970-talet vart det gjennomført større undersøkingar der læringsspørsmål i oppvekstsentra kom i fokus. Med utgangspunkt i Grisgrendtprosjektet (1969–1975), vart det konkludert med at store skular med full klassesdeling ikkje nødvendigvis gir betre skuleresultat. Det vart òg avdekt uheldige konsekvensar av skuleskyss for elevane si fysiske og psykiske helse (Solstad, 1978).

Den same konklusjonen underbygger effekten på faglege prestasjonar i ungdomsskulen. Ramstad (2014) undersøkte prestasjonar på PISA testar i lesing, rekning og naturfag. Resultantane peiker på at

det er signifikant positiv effekt av skulestorleik innan både matematikk og naturfag, men effekten er ikkje stor. Det inneberer at elever ved større skular har en auka sannsyn for betre skulefaglege prestasjonar enn elever i mindre skoler når det kontrollerast for ulike variablar.

Røddøyprosjektet (2019–2022) kartla bruk av fjernundervisning i små skular. Her vart det konkludert med at god organisering, tett samarbeid og elevmedverknad førte til positivt læringsutbytte ved små grendeskular.

Ei masteroppgåve frå 2015 (Øvstehage, 2015) tek for seg lærarane sine erfaringar med læringsmiljø ved bygdeskular. Der kjem det fram at fådelte skular gir betre rom for tilpassa undervisning og stimulerer til samarbeid på tvers av alder.

Rapporten til Nordahl (2022) konkluderer med at skulestorleik aleine har liten betydning for elevanes faglege prestasjonar og trivsel. Variasjonar i læringsutbytte og trivsel forklarast i større grad av andre faktorar, som pedagogisk kvalitet og sosioøkonomiske forhold.

Skuleveg, reisetid og transport

Ved endring i skulestrukturen vil det bli lengre reiseveg for dei elevane som blir flytta til Subus. Det er ulikt kor store konsekvensar det har frå skule til skule. Dette pga. dei faktorane som er belyst i svaret frå transportør.

Opplæringslova kapittel 4 og 9 (Lovdata, 2025) og rundskriv om skuleskyss (Udir, 2025) regulerer kommunen si handtering av skuleskyss. I lova står det at det skal vere ei avveging mellom omsynet til den enkelte eleven og ei effektiv og rasjonell organisering av skyssen. Økonomiske omsyn bør ikkje få så stor vekt i forsvarlegheitsvurderinga at det i realiteten ikkje blir teke omsyn til den enkelte elev. Kommunen kan gi retningslinjer for kva som vil vere akseptabel reisetid, men desse vil berre vere eit utgangspunkt for den vidare vurderinga. Omsynet til at eleven får tilstrekkeleg fritid og tid heime talar for å avgrense reisetida så mykje som mogleg. Omsynet til effektiv og rasjonell organisering av skyssen kan på den andre sida tilseie at alle elevar må godta ei viss reisetid (Udir, 2025).

I forbindelse med utarbeiding av saksdokumentet, har vi bede transportøren, FRAM driftsseksjonen, om uttale knytt til dei utfordringane ein ser (vedlegg 5 – Analyse frå FRAM). Opplysningane dei legg fram saman med ROS-analyse vil vere med i totalvurderinga omkring dei ulike alternativa som er framlagt.

FRAM peikar på fleire transportmessige utfordringar ved eventuell flytting eller nedlegging av skular i Surnadal kommune. Kapasitetsutfordringar på bussar og avgrensa tilgang på drosjer, kan føre til ventetid for elevar med tilrettelagt skyss. Ved oppstart av ny busskontrakt i 2026 blir det innført elbussar, og FRAM har kartlagt at vektavgrensingar ikkje vil påverke skuleskyssen. Samstundes vil nedlegging av skular kunne krevje fleire bussar, med årlege ekstrakostnader på ca. kr. 950 000,- til kr. 1 200 000,- pr buss.

FRAM frarår å flytte alle skulane samtidig. Dei påpeker risikoen ved flytting av fleire skular samtidig, då dette gjer planlegginga meir kompleks og aukar risikoen for feil. Reisetida for elevar, særleg dei

Yngste, vil auke noko – estimert til rundt 15 minutt kvar veg – men kan avhjelpast gjennom god planlegging av både bussruter og skulekvardagen.

Betalande elevar og vaksne brukarar vil truleg miste tilgangen til skuleskyss, men dette har liten økonomisk betydning for FRAM. Eventuelle ekstrakostnader må dekkjast innan dagens budsjett, noko som kan føre til reduksjon i anna rutetilbod i kommunen og andre kommunar.

FRAM vurderer at Mo og Bøfjord/Bæverfjord kan integrerast utan behov for ekstra ressursar, medan nedlegging av Todalen og Stangvik vil krevje minst éin ny buss grunna høgt elevtal. Kostnaden pr elev ved auka reiselengd er berekna til ca. kr. 4560,- kroner årleg.

Konsekvens ved samling av alle skular ved Subus er auka skyssbehov.

I avsnittet der FRAM har svara ut omkring problemstillingane viser dei til ulike utfordringar og kjem også med anbefalingar.

Ei av utfordringane er å ha nok materiell til å køyre elevane samtidig. Det vil ved samanslåing av alle skulane utløyse behov for fleire vogner og sjåførar. Det er ein grunnkostnad på ca. kr. 1 000 000,- i skyssavtalen pr ekstra køyretøy, noko som er ei utfordring for budsjettet til transportøren (FRAM).

For Mo og BøBæ vil det vere nok kapasitet på eksisterande bussar.

For Tostop vil det bli behov for ein ekstra buss med evt. meirkostnad.

Dagens ordning med høve til å kjøpe busskort for dei som bur innafor 4km-grensa kan falle bort pga. kapasitet. For 1.-4. klasse som har kortare skuledagar kan det bli ventetid på SFO fram til bussen går etter 6. time. Eit stort tal av dei i 1.-4. klasse går på SFO og da vil ikkje dette påverke dei i nokon grad da dei ikkje har skyssrett etter SFO.

Elevar med skuleskyss på oppvekstsentra i dag

- 22 av 34 elevar på Mo 64,7%
- 33 av 36 elevar på BøBæ 91,7%
- 63 av 64 elevar ved Tostop 98,5%

Den ekstra kostnaden vil da i stor grad dreie seg om to ekstra skyssoner pr elev og 16 nye unike passasjerar.

I ROS-analysen har vi risikovurdert det at faren for uheldige hendingar knytt til trafikksikring aukar. I flg. ROS-analysen vil det vere svært sannsynleg at det oppstår uheldige hendingar i trafikken og konsekvensen vil vere alvorleg. Ved ei flytting av alle elevane i høve alternativ 1 vil det kome ca. 120 elevar meir til skulen på morgonen og som skal reise på ettermiddagen.

Mange vil ta buss men det vil òg truleg bli ein auke i talet på privatbilar i samband med dette da enkelte skal på SFO utanom busstidene. I tillegg ser vi at bruken av personbil for levering og henting i skule er høg i Surnadal. Som kompenserande tiltak kjem det fram av ROS-analysen at ein må ha god organisering på busshaldeplassen. Det vil kanskje seie at ein må bruke fleire ressursar på å ha folk på

busshaldeplassen enn det ein gjer pr i dag. Eit kompensierende tiltak vil i følge ROS-analysen vere å legge betre til rette for bruk av privatbil ved levering eller henting.

Med forventet nedgang i aktiviteten på vaksenopplæringa vil det med nok bruk av innkøyring vest avhjelpe trafikksituasjonen på skuleområdet

Fagleg pedagogisk vurdering

Aldersblanda grupper og sosial og fagleg læring

Det er òg lite forskning på dette området, og ein må noko tilbake i tid for å finne relevante data om sosial og fagleg læring i fådelte skular. Ifølgje Solstad mfl. (2003) har aldersblanding klare fordelar når det gjeld sosial læring.

Eckhoff (1986) viser til antropologiske og sosialpsykologiske studiar som syner at barn i aldersblanda grupper har betre føresetnader for å tilpasse seg samfunnslivet enn barn i aldershomogene grupper. Germeten (2005) dokumenterer at det har god læringseffekt når eldre elevar hjelper yngre elevar i læringsarbeidet.

Leiken sin plass i skulen – ulike rammer ved små og store skular

FNs barnekonvensjon artikkel 31 understrekar kor viktig leik er for barn, også i skulesamanheng. Leik er ikkje berre ein rett for barn, men fungerer òg som ei sentral uttrykksform – særleg for dei yngste elevane.

Ved mindre skular, der det ofte er færre elevar på kvart trinn, vil ein ofte kunne observere meir leik på tvers av alder og trinn. Eit slikt skulemiljø kan opplevast som meir oversiktleg og inkluderande. Samstundes kan det vere utfordrande for enkelte elevar å finne leikekameratar med liknande interesser, noko som kan påverke moglegheita til å etablere gode venskapsrelasjonar.

På større skular er det ofte eit breiare elevgrunnlag, noko som aukar sjansen for at barn finn jamaldringar med like interesser. Dette kan gjere det enklare å knyte sosiale band og finne vener. Samtidig kan eit stort skulemiljø for enkelte opplevast som uoversiktleg og mindre trygt, noko som kan skape barrierar for sosial deltaking og trivsel.

Lærarrolla kan òg variere mellom store og små skular. I større einingar er det vanleg at lærarane er meir fagspesialiserte, medan lærarar ved mindre skular ofte underviser i fleire fag. Uavhengig av skulestruktur er det avgjerande at elevane møter kompetente, engasjerte og inspirerende lærarar som fremmer både læring og trivsel.

Med dei elevtala vi har i dag – og slik utviklinga ser ut framover – finst det gode føresetnader for å tilby kvalitet i opplæringa både i små og store skular, dersom ein legg til rette for det.

Gruppestorleik

Det finns ingen reglar på det maksimale talet på elevar i ein klasse. Lærartettleiken er regulert av Opplæringslova (Lovdata, 2025) som seier at det skal vere maksimalt 15 elevar pr lærar i ordinær

undervisning i 1.- 4. trinn og maksimalt 20 på 5.- 10. trinn. Norma seier altså ikkje noko om klassestorleik men gjer rettleiing om lærartettleik.

På grendeskulane vil ein naturlegvis ha mindre klassar enn ved Subus. I tillegg har vi fleire trinn i lag i eit klasserom med felles lærar på oppvekstsentra. Til tross for at ein lærar har fleire trinn er kostnaden pr. elev i eit oppvekstsenter høgare enn i Subus.

Etablering av gode fagmiljø for tilsette

Skulen sitt pedagogiske tilbod skal omfatte både ordinær opplæring, tilrettelagt undervisning og spesialpedagogiske tiltak. Skulen må kunne tilby og meistre ulike metodiske tilnærmingar som møter mangfaldet i elevane sine behov.

Ved større skular er det som regel enklare å utvikle robuste fagmiljø. Desse miljøa gjer det mogleg å ivareta ei brei samansetning av elevar og behov, og legg samtidig til rette for at tilsette med spesialistkompetanse vert ein integrert del av kollegiet. Dette fremmer fagleg kontinuitet og stabilitet. I ein situasjon med nasjonal mangel på spesialpedagogar, vil kommunar som tilbyr varierte arbeidsoppgåver og utviklingsmoglegheiter vere betre rusta til å rekruttere og halde på kvalifisert personell.

For å utvikle spesialpedagogisk kompetanse må det leggjast til rette for etter- og vidareutdanning. Større elevgrupper gjer det dessutan mogleg å organisere undervisninga i faglege fellesskap, noko som gir elevar med særskilde behov både fagleg utbytte og sosiale moglegheiter. Eit viktig element i tilrettelagt og spesialpedagogisk arbeid er det tverrfaglege samarbeidet i kommunen. Her er det avgjerande at elevane får tilgang til eit breitt spekter av fagleg støtte for at innsatsen skal ha effekt.

Ved små oppvekstskular er det ofte tett kontakt mellom vaksne og barn. Dette gir barn med særskilde behov tilgang til stabile relasjonar og god individuell oppfølging. Den nære kontakten mellom heim og skule vert også styrkt i slike miljø. Samtidig kan det vere utfordrande for elevane å finne jamaldringar med liknande interesser, noko som kan påverke både sosial utvikling og identitet. Den faglege kompetansen ved små einingar kan vere sårbar, og tilgangen på spesialistkompetanse er ofte meir avgrensa, noko som kan svekke kvaliteten på tilbodet.


Det finst både fordelar og ulemper ved organiseringa av spesialpedagogiske tilbod på små og store skular. Det er grunn til å tro at det faglege tilbodet i større grad vert styrkt i store skular med sterke fagmiljø, medan dei sosialpedagogiske behova ofte vert best ivaretatt i små og oversiktlege oppvekstmiljø (Nordahl, 2022)

Leing og profesjonsutvikling i skulen

God leing er avgjerande for kvaliteten i barnehagar og skular. Leiarar som utviklar barnehagar og skular som lærande organisasjonar, og som støttar dei tilsette si faglege utvikling, bidreg direkte til betre kvalitet i tilbodet.

Forskning viser at leing med fokus på elevane gir best resultat. Professor Viviane Robinson (2014) fann i ei omfattande forskingsoppsummering at leing som set elevane sitt læringsutbytte i sentrum, har

positiv effekt. Dette betyr at leiarar må konsentrere seg om det viktigaste: læringa til elevane. Vi veit også frå John Hattie (2009) at det som har størst påverknad på elevane si læring, er kvaliteten på og gjennomføringa av sjølvje undervisninga. Robinson løfta fram fem sentrale sider ved leiarskap som påverkar læring, og den viktigaste av desse er å leggje til rette for læring og utvikling for både elevar og tilsette. Se punkt 4 i tabellen nedanfor:



Figur 1

Det krev at leiaren fokuserer på skulen si kjerneoppgåve – læring – og spør: *Kva er best for elevane, og korleis kan vi støtte læringa deira best mogleg?*


Den viktigaste rolla til leiaren er difor å leie lærarane og dei tilsette si kontinuerlege læring.

Alle skular bør vere profesjonelle læringsfellesskap. Her utviklar tilsette og leiarar seg saman for å skape betre læring for alle elevar. Uavhengig av kor stor skulen er, bør kommunen satse på tiltak som styrkjer undervisningspraksis og læringsmiljø.

Leiarane har ei viktig rolle i å støtte profesjonsfellesskapet og leggje til rette for samarbeid og erfaringsdeling mellom lærarar. Slike fellesskap krev ein kultur prega av tillit, felles ansvar og langsiktig arbeid. Eit opent spørsmål er om små skular klarer dette like godt som store. Det finst ikkje klar forskning på dette, men det er grunn til å tru at større skular – med fleire leiarressursar og større kollegium – har betre føresetnader for å sikre kontinuerleg utvikling blant dei tilsette (Nordahl, 2022).

Framtidige behov og utfordringar

Befolkningsutvikling og demografiske prognoser




Tabell 2 viser utvikling av befolkningstal i alle aldersgrupper

Tabellen viser utvikling av befolkningstal i alle aldersgrupper. Diagrammet viser tal på personar i ulike aldersgrupper i kommunen frå år 2000 og framskriva til 2050. Dette er langsiktige prognoser, men fram mot 2040 vil folketalet reduserast med ca. 350 personar. Samtidig vil tal på barn og unge i alderen 6-19 år minke frå 913 i 2024 til 793 i 2040 og talet på eldre frå 67 år og oppover vil auke frå 1372 i 2024 til 1650 i 2040 (SSB, 2025).


Framskriving av barnetal

Det er naturlegvis variasjonar i fødselstal frå år til år i ein kommune. Andre vesentlege faktorar er situasjonen i Ukraina og andre stadar i verden som har gjeve oss fleire barn i skulane våre dei siste åra.

Tabellane under viser òg framskrivinga av barnetalet ved dei ulike skulane så langt som vi har eksakte tal. For 2024 har vi henta fødselstal frå Visma flyt skule.



Tabell 3 viser framskriving av elevtal 2023-29



Tabell 4 viser framskriving av elevtal 2023-29 Surnadal barne- og ungdomsskule

I tabellen ser vi at samla barnetal i skulane held seg ganske stabilt i perioden.

Vi ser ein nedgang i barnetal ved Stangvik og Todalen oppvekstsenter. Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter har ein liten auke mens Mo er stabil.

Vi har pr dato ca. 35 ukrainske elevar i grunnskulen på kollektiv beskyttelse. Utviklinga i heimlandet avgjer kor lenge dei blir verande.

Nasjonale styringssignal

Regjeringa sine signal om kommunen sitt arbeid for ein betre oppvekst og skule for barn og unge, er uttrykt gjennom Oppvekstreformen (Bufdir, 2025) og Stortingsmelding nr. 34 *En mer praktisk skole. Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.-10. trinn.* (Meld. St. 34, 2025).

Barnevernsreforma, òg kalla oppvekstreforma, trer i kraft 1. januar 2022. Kommunane får auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er eit betre barnevern, der tenestetilbodet skal kunne tilpassast lokale behov. Sjølv om reforma fyrst og fremst regulerer barnevernet, er det semje om at måla best blir nådde gjennom endringar i heile oppvekstsektoren (KS, 2025). For Surnadal kommune inneber dette ei samordning av ressursinnsatsen for laget rundt elevane, noko kommunen allereie er godt i gang med.

Meld. St. 34 (2025) gir tydelege føringar for korleis skuletilbodet på 5.–10. trinn skal utformast, som imøtekjem behovet for ein meir praktisk og variert skuledag. Den enkelte skulen skal i samarbeid med elevane innføre eit valfagstilbod på barnetrinnet 5.–7. trinn. På 8.–10. trinn har elevane allereie eit valfagstilbod, men arbeidslivsfag skal, slik det er uttrykt i Meld. St. 34, bli tilbydd ved alle ungdomsskulane. For å få dette til er det tilrådd å tilby kommunane rentefrie lån, slik at skulane kan ruste opp spesialrom, investere i utstyr og vidareutdanne lærarar. Dette er tiltak som òg skal setjast i verk i Surnadal kommune.

Det er naudsynt at Surnadal kommune ser dei nasjonale føringane i lys av den pågåande prosessen rundt innsparingar i oppvekstsektoren og skulestrukturdebatten.

Behov for kompetanse og årsverk

Dei nasjonale føringane om krav til studiekompetanse i basisfag og andre prioriterte fag er løyst gjennom UDIR si ordning «Kompetanse for kvalitet». For Surnadal sin del er frå 2012 til 2025 gjennomført vidareutdanning tilsvarende 50 heilårsstudier for lærarar i grunnskolen. I tillegg er Nettverk Nordmøre inne i sin tredje treårsperiode med satsing på skoleutvikling med tema læringsmiljø, norsk og matematikk. Der får skuleleiing, tilsette i skule og barnehage tilført kompetanse frå dei fremste fagmiljøa innan skule og barnehage. Det blir no gjennomført kompetansekartlegging i regi av nettverket slik at vi får tilrettelagt kompetansehevinga i tråd med behova i kommunane.

Behov for antall årsverk i skulane våre vil avhenge av elevtal, skulestruktur, særskilte behov i elevgruppene, val av språkform og praktiske forhold som undervisningsrom. Dersom forslaget til strukturendringar blir vedteke vil kommunen ha nok kompetanse på lærarsida på grunn av noko overtalligheit.

Om saka går vidare til høyring og ny behandling i kommunestyret vil det bli gjort ei grundig utredning omkring årsverk og eventuelle rekrutteringsbehov.

Dagens skulestruktur

Oversikt over eksisterande skuler

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter (BøBæ)

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter består av ein skule med SFO og to barnehagar (i Bøfjorden og i Bæverfjord). BøBæ er ein fådelt 1-7-skule med 36 elevar. Skulen ligg vegg i vegg med Bæverfjord barnehage. Bøfjorden barnehage ligg i Bøfjorden i tilknytning til gamle Bøfjord skule. Begge barnehagane tek i mot både småbarn og store barn, og har til saman ca. 40 plassar. Det er felles einingsleiar, rektor i 40% stilling og styrar i 40% stilling i begge barnehagane.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter (ToStop)

ToStop består av ein skule med SFO og ein barnehage med felles einingsleiar. Todalen og Stangvik skule er ein fådelt 1-7-skule. Talet på barn ligg no på omkring 64 elevar. Men talet på elevar ved skulen er på tur ned under 45 elevar frå 2027/28. Barnehagen tek i mot både småbarn og store barn. Det er felles einingsleiar, rektor i 40% stilling og styrar i 40% i barnehagen.

Mo oppvekstsenter

Mo oppvekstsenter består av ein skule med SFO og ein barnehage. Skulen er ein del av Mo oppvekstsenter og har 34 elevar frå 1.-7. trinn. Barnehagen tek i mot både småbarn og store barn. Det er felles einingsleiar, rektor i 40% stilling og styrar i 40% i barnehagen.

Surnadal barne- og ungdomsskule (Subus)

Barnetrinnet har ca. 320 elevar, fordelt på 1.-7. trinn. Ungdomstrinnet har ca. 180 elevar fordelt på 8., 9. og 10. trinn. Subus ligg på Øye-området, der også Surnadal Vaksenopplæring og Integrering, Øye og Solbakken barnehage og Surnadal vidaregåande skule er lokalisert. Subus har pr dato 500% administrativ ressurs fordelt på einingsleiar, assisterande rektor, tre inspektørar (3*70% administrasjon), leiar av SFO 50% og storteamlar 40%. I tillegg har dei ein merkantil ressurs på 100%.

Tilstand på bygg og fasilitetar

I dette kapittelet presenterer vi kostnader knytte til dei ulike bygga som blir brukte til grunnskuleopplæring. Kostnadene er henta frå rekneskapen for 2024.

Kostnader ved drift av skulebygg					
	Mo oppv.senter	B og B oppv.senter	Tostop oppv.senter	Bøfjord bh	Totalen skole
Forsikring, skule	65 151	31 202	49 968	18 974	31 863
Forsikring, bh		3 870			5 125
Strøm	245 948	157 283	270 743	71 207	28 821
Kommunale avg.	69 492	31 970	28 742	18 799	21 065
Remidt	46 866	38 886	53 136	19 974	12 601
Brøyting	54 868	99 277	35 682	50 136	35 462
Renhold	671 694	671 694	722 793	134 473	
Vaktm. Inkl. drift	201 508	201 508	242 052	80 684	10 000
	1 355 527	1 235 690	1 403 116	394 247	144 937
Fratrekk kostnader drift barnehage	-772 519	-701 004	-758 754		
Netto driftskostnad skole	583 008	534 686	644 362	394 247	144 937

Tabell 5 viser alle utgifter knytt til skuledelen ved dei ulike oppvekstsentera. Utheva linje (Netto driftskostnad skole) viser potensiell innsparing ved å legge ned skuledelen av oppvekstsentera.

Investeringsbehov Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter (BøBæ)

For 2025 låg Bøfjord og Bæverfjord oppvekstsenter opprinneleg inne med ei investering på rundt kr. 10 000 000 i økonomiplana. Dette vart tatt ut av investeringsplan i budsjetthandsaminga 2025. Oppvekstsenteret var bygd først på 80-talet og bortsett frå nytt tak dei seinare åra så har det ikkje vore gjort endringar verken inne eller ute på skuledelen. Barnehagebygget vart bygd først på 2000-talet men bygget er for lite i høve talet på barnehagebarn pr. no. Barnehagen bruker lokalar i skuledelen for ei stor gruppe barn.

Investeringsbehov Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Tostop vart renover i 2013 og lokala held god standard. Det er ingen umiddelbare investeringsbehov men skulen ber preg av eit etterslep på vedlikehald.

Investeringsbehov Mo oppvekstsenter

Det er ingen umiddelbare investeringsbehov men skulen ber preg av eit etterslep på vedlikehald.

Investeringsbehov Surnadal barne- og ungdomsskule

I 2021 vart nye Subus ferdig bygd. Barne- og mellomtrinnet er nybygg mens ungdomsskuledelen vart renover.

Ulike alternativ til ny skulestruktur

I utrekningane under har vi tatt utgangspunkt i dei økonomiske rammene for 2025 for dei ulike einingane.

Alternativ 1 – samle tre grunnskular ved Subus

Kostnader	I kr.
Samla kostnad for skuledel inkl. skyss, driftskostnader, tilrettelagt opplæring mm. På tre oppvekstsenter	25 900 000
*Redusert tal på einingsleiarar, trekkast ut da det står i tiltakslista	-3 000 000

**Uttak årsverk på Tostop frå 2026	-3 600 000
Vidareføring tilrettelagt opplæring enkeltvedtak	-2 000 000
Aukakostnad med utvida klassetal undervisningspersonell + assistent/SFO/miljø	-5 700 000
Auka kostnad skyss	-515 000
Bortfall statsstøtte pr skule i kommunen	-1 620 000
Auka rente-/avdragskostnad knytt til tilpassing av lokalar til VAINT ved flytting -250.000,- Ca 5.000.000,- i investering (ikkje detaljert utgreia)	
Oppgradering av uteområde SUBUS, investering på ca. kr. 1 000 000, rente/avdrags kost på ca. 50.000,- (Ikkje detaljert utgreia)	
Reduserte driftskostnader bygg 1.760.000,- ført på teknisk, jf. utrekninga frå Teknisk drift	
Mogleg innsparing ved å samle tre grunnskular ved Subus	9 465 000

Effekt frå 01.08 2026 vil vere 45% av heilårseffekten

*I tiltakslista etter vedtaket i kommunestyret i sak 88/24 står det i punkt 2 om ei endring i leiarstruktur. Dersom alle skulane vert samla ved Subus vil ein ikkje lenger ha ein einingsleiar på kvart oppvekstsenter. Denne innsparinga vert trekt ut av dette alternativet og vil vere ein del av innsparinga på leiarstruktur i tiltakslista punkt 2.

** I tiltakslista etter vedtaket i kommunestyret i sak 88/24 står det i punkt 5 om eit uttak av fire årsverk ved Tostop frå 2026. Denne innsparinga vert trekt ut av dette alternativet og vil vere ein del av innsparinga på Tostop i tiltakslista punkt 5.

I ROS-analysen kjem det fram at ein bør sjå på moglege oppgraderingar av uteområdet

Meir om alternativ 1

Kostnadar

Kostnadane for å drive skuledelen i tre oppvekstsenter pr 2025 er ca. kr. 25 800 000,- på årsbasis. Dette er altså den samla summen som går med til fastløn, sosiale kostnadar, driftskostnadar og skysskostnadar ved dei tre oppvekstsentra.

Tilrettelagt opplæring

Når det gjeld tilrettelagt opplæring så bruker vi kring ca. kr. 2 000 000,- til saman i skuledelen i oppvekstsentra. Desse behova vil mest truleg ikkje endre seg på kort sikt om ein skulle gå til det skrittet å legge ned oppvekstsentra. Difor tek ein sikte på å oppretthalde tilrettelagt opplæring og kostnadane knytt til dette i ein ny grunnskulestruktur med berre ein skule.

Tal på klassar

Dersom vi slår saman alle skulane til ein så kjem det rundt 120 elevar ekstra til Subus.

Eksisterande trinn på Subus pr. no varierer i storleik og nokre trinn vil kunne ta opp i seg ein del elevar utan at det må fleire klassar til. Men på enkelte trinn må ein heilt klart opprette fleire klassar. I

samråd med rektorane/einingsleiarane har vi estimert at ein må ha ein 5 klassar meir ved ei eventuell samanslåing. Dette gjer ein kostnad på ca. kr. 4 500 000,- (ca. kr. 900 000,- pr årsverk inklusive sosiale kostnader). I tillegg må ein pårekna noko meir bemanning både i form av assistent og noko på miljøråda. Kostnad ca. kr. 1 200 000,- . Samla ca. kr. 5 700 000,-.

I ROS-analysen kjem det fram at det er høg risiko for at det blir for trangt på Subus dersom ein skal flytte 120 elevar inn til skulen. Skulen er bygd for 610 elevar men det er eit estimat som er gjort før ein skal opprette klassar, tilpasse grupper, språkval og tilpassa opplæring. Som eit kompenserande tiltak ser ein på moglegheita for å flytte eit trinn inn i Gulbygget. I ROS-analysen har vi vurdert det å flytte eit trinn frå Subus og over på Gulbygget som overkommeleg med tanke på eventuelle negative psykososiale konsekvensar av det.

Vi har nok klasserom til 120 nye elevar men det blir lite tilgang på grupperom til bruk for klassedeling, prosjekt, tilpassa opplæring i dagens lokalar med nye 120 elevar.

Gulbygget er pr i dag lokalane til vaksenopplæring og integrering (Vaint) og er fullt ut gode lokalar med klasserom, pauserom, møterom og arbeidsrom for lærarar. Dersom vi skal flytte eit trinn inn i Gulbygget så må vi finne nye lokalar for Vaint. På kommunehuset er det pr i dag ledige areal som kan brukast for Vaint. Om ein stipulerer ombyggingskostnaden til ca. kr. 5 000 000,- vil årlege kostnader til renter og avdrag bli ca. kr. 250.000,- på driftsbudsjettet.

Ein auke i elevtalet på inntil 120 elevar vil medføre større press på uteområdet. Ros-analysen viser auka risiko knytt til dette. Planlagt oppgradering og utvikling av uteområdet vil kompensere for dette. Målretta tilsyn vil også vere avhjelpande tiltak.

Skulefritidsordning (SFO)

Når det gjeld SFO trur vi at dette behovet sannsynlegvis vil bli slik som det er pr. i dag. Dei elevane som har SFO på oppvekstsentra vil også ha dette dersom alle er samla på ein skule. Grunna avstanden heim vil nok fleire frå oppvekstsentra få lengre opphald på Subus enn dei ville hatt på skulen i oppvekstsenteret. Det vil seie at driftsutgifter til SFO vil overførast frå oppvekstsentra og til Subus i dette alternativet.

Skysskostnad

Skysskostnaden er omskriven i eige punkt lenger ned i saka men meirkostnadane knytt til skyss kjem på rundt 0,5 million kr. Elevane ved oppvekstsentra får utvida med to skyssoner.

Bortfall av statsstøtte

Surnadal kommune får ca. kr. 540 000,- i året for kvar grunnskule vi har. Dette beløpet fell bort den dagen vi legg ned tre skular. Det gir ei fråtrekk i inntekt på ca. kr. 1 600 000,-.

Overtal

Dersom vi flytter tre grendeskular inn til Subus vil vi i teorien få overtal på tre einingsleiarar. Kommunedirektøren har vald å synleggjere denne innsparinga inn i punkt 2 i tiltakslista i kommunestyresak 88/24. Det vil seie at den innsparinga vil ikkje vere synleg i denne framstillinga av

kostnadsbiletet.

Vi har 16 årsverk med undervisningsstillinger til saman på tre grendeskular pr i dag. Dersom 6 – 7 av desse vil gå med til å opprette nye klassar ved Subus vil vi stå att med noko overtalige på lærarsida. Subus er ein stor arbeidsplass og det er stadig personar ute i foreldrepermisjonar, etterutdanning eller pensjonistar slik at det vil vere eit behov for fleire lærarar. Men vi trur ikkje ein vil unngå overtalige og/eller oppseiingar dersom vi skal slå saman Subus og tre oppvekstsenter.

Kommunen si personalplan og gjeldande regelverk vil legge rammene for dette arbeidet og samarbeid med tillitsvalde vil vere viktig for å sikre gode prosesser.

Barnehagane

Pr 2025 har vi godt belegg med barn i alle barnehagane. Det vil seie at det ikkje er kapasitet til å flytte nokon av barnehagane ved oppvekstsentra inn til barnehagane i sentrum. Ved alle tre oppvekstsentra er det, som tidlegare nemnt, eit godt samarbeid mellom barnehage, skule og skulefritidsordning. Dette i form av stillingar som grip over i fleire felt, samarbeid ved fråvær, overgang barnehage – skule, kompetanseheving på tvers, felles leing, felles planverk.

Ei endring i skulestrukturen vil kanskje gjere barnehagane ved oppvekstsentra meir sårbar med tanke på ressursmangel. Overgangen barnehage – skule ved dagens modell med oppvekstsenter, er eit sosialt og pedagogisk fortrinn som desse skulane har. Overgangen skjer i kjente omgjevnader med kjente vaksne.

Dersom barnehagane ved oppvekstsentra blir verande att aleine i barnehage/skulebygget kan ein tenkje at dei bør leggst under ein felles leiar. Da kan ein bruke noko av dagens leiarressurs ved skulane til å vere felles einingsleiar for desse barnehagane. Denne leiarfunksjonen vil da gjere den totale innsparinga med ny grunnskulestruktur, ei stilling mindre.

Eventuelt kan ein tenkje at den enkelte barnehage kan knyttast til ein sentrumsbarnehage.

Dersom alle skulane ved oppvekstsentra blir flytta til Subus kan ein vurdere å flytte Bøfjorden barnehage inn til Bæverfjord barnehage. Bøfjorden barnehage har 13 barn pr i dag og er sårbar med tanke på eventuelt fråvær hos dei vaksne med utgangspunkt i geografisk plassering. Det er vanskeleg å få vikar inn til Bøfjorden innimellom.

Ei flytting til Bæverfjord vil skape eit større fagmiljø og på den måten gjere barnehagen mindre sårbar. I tillegg vil ein kunne sleppe driftskostnadane på bygget i Bøfjorden samt ein betre utnytting av bygget og ressursar saman med barnehagen i Bæverfjord. Dette vil medføre ei ekstra køyretid på 14 minutt både på morgonen og på ettermiddagen for barna ved barnehagen i Bøfjorden. Bøfjorden barnehage har foreldre som både bur og jobbar i Bøfjorden. Og det er foreldre som bur i Bøfjorden men jobbar enten i retning av Heim kommune eller Surnadal kommune.

Dersom ein da får selt eller revet bygga i Bøfjorden vil ein kunne spare i underkant av ca. kr. 400 000,- med utgangspunkt i tabellen på side 20.

Alternativ 2 – samle to grunnskular ved Subus (Mo og Bø/Bæ)

Kostnader	I kr.
Samla kostnad for skuledel inkl. skyss, driftskostnader, tilrettelagt opplæring mm.	12 300 000
*Redusert tal på einingsleiarar, trekkast ut da det står i tiltakslista	-2 000 000
Vidareføring tilrettelagt opplæring enkeltvedtak	-900 000
Auka kostnad med utvida klassetal, 2 pedagogar + SFO	-2 100 000
Auka kostnad skyss	-326 000
Bortfall statsstøtte pr skule i kommunen	-1 080 000
Reduserte driftskostnader bygg ca. kr. 1 115 000,- ført på teknisk – jf. utrekninga frå Teknisk drift	
Mogleg innsparing ved å samle to grunnskular ved Subus	5 894 000

*I tiltakslista etter vedtaket i kommunestyret i sak 88/24 står det i punkt 2 om ei endring i leiarstruktur. Dersom to av skulane vert samla ved Subus vil ein ikkje lenger ha ein einingsleiar på dei oppvekstsentera. Denne innsparinga vert trekt ut av dette alternativet og vil vere ein del av innsparinga på leiarstruktur i tiltakslista punkt 2.

Meir om alternativ 2

Kostnader

Kostnadane for å drive to oppvekstsenter pr 2025 er ca. kr. 12 300 000,- på årsbasis. Dette er altså den samla summen som går med til fastløn, sosiale kostnader, driftskostnader, skysskostnader til saman ved Mo og Bø/Bæ oppvekstsenter.

Tilrettelagt opplæring

Når det gjeld tilrettelagt opplæring så bruker vi ca. kr. 900 000,- til saman i Mo og Bø/Bæ. Desse behova vil mest truleg ikkje endre seg på kort sikt om ein skulle gå til det skrittet å legge ned oppvekstsentra. Difor tek ein sikte på å oppretthalde tilrettelagt opplæring og kostnadane knytt til dette i ein grunnskulestruktur med to skular (Subus og Tostop).

Tal på klassar

I dette alternativet vil det kome i underkant av 70 elevar ekstra til Subus. Eksisterande trinn på Subus pr. no varierer i storleik og nokre trinn vil kunne ta opp i seg ein del elevar utan at det må fleire klassar til. Men på enkelte trinn må ein heilt klart opprette fleire klassar.

I samråd med rektorane/einingsleiarane har vi estimert at ein må ha to klassar meir på Subus i dette alternativet. Dette gjer ein kostnad på ca. kr. 1 800 000,- (ca. kr. 900 000,- pr årsverk inkl. sosiale kostnader).

Skulefritidsordning (SFO)

Når det gjeld SFO trur vi at dette behovet sannsynlegvis vil bli slik som det er pr i dag. Dei elevane som har SFO på oppvekstsentra vil også ha dette dersom alle er samla på ein skule.

Skysskostnad

Skysskostnaden er omskriven i eige punkt lenger ned i saka men meirkostnadane knytt til skyss kjem på rundt ca. kr. 326 000,-. I dette ligg det at alle elevane ved to oppvekstsenter får ein annan og utvida skyssone.

Bortfall av statsstøtte

Surnadal kommune får ca. kr. 540 000,- i året for kvar grunnskule vi har. Dette beløpet fell bort den dagen vi legg ned to skular. Det gjer ein samla kostnad på ca. kr. 1 080 000,-.

Overtal

Einingsleiarstillingane er ikkje tatt med i denne framstillinga av innsparingar da Kommunedirektøren vil telle dei inn i punkt 2 om leiarstruktur i tiltakslista i kommunestyresak 88/24. Vi har 8 årsverk med undervisningsstillingar til saman på Mo og Bø/Bæ pr i dag. Dersom 2 – 3 av desse vil gå med til å opprette nye klassar ved Subus vil vi stå att med noko overtalige på lærarsida.

Subus er ein stor arbeidsplass og det er stadig personar ute i foreldrepermisjonar, etterutdanning eller blir pensjonistar slik at det vil vere eit behov for fleire lærarar. Men vi trur ikkje ein vil unngå overtal og/eller oppseiingar dersom vi skal slå saman Subus og to oppvekstsenter.

Kommunen si personalplan og gjeldande regelverk vil legge rammene for dette arbeidet og samarbeid med tillitsvalde vil vere viktig for å sikre gode prosesser.

Barnehagane

I alternativ 2 med flytting av to skular inn til Subus vil barnehagane ved Mo og Bæverfjord bli verande att på oppvekstsentra. Også i dette alternativet vil Kommunedirektøren vurdere det dit hen at det kan vere hensiktsmessig å flytte Bøfjorden barnehage saman med Bæverfjord barnehage (sjå meir utfyllande under alternativ 1).

Bæverfjord og Mo kan da bli organisert under kvar sin sentrumsbarnehage.

Alternativ 3 – flytte ein grunnskule til Subus (Mo)

Kostnader	I kr.
Kostnad inkl. skyss, driftskostnader, tilrettelagt opplæring mm	6 100 000
*Redusert tal på einingsleiarar, trekkast ut da det står i tiltakslista	-1 000 000
Vidareføring tilrettelagt opplæring enkeltvedtak	-300 000
Auka kostnad skyss	-164 000
Bortfall statsstøtte pr skule i kommunen	-540 000

Reduserte driftskostnader bygg ca. kr. 580 000,- ført på teknisk, – jf. utrekninga frå Teknisk drift	
Innsparing ved å flytte ein grunnskule til Subus	4 096 000

*I tiltakslista etter vedtaket i kommunestyret i sak 88/24 står det i punkt 2 om ei endring i leiarstruktur. Dersom Mo vert flytt til Subus vil ein ikkje lenger ha ein einingsleiar på oppvekstsenteret. Denne innsparinga vert trekt ut av dette alternativet og vil vere ein del av innsparinga på leiarstruktur i tiltakslista punkt 2.

Meir om alternativ 3

Vi har vald Mo som alternativ 3 med bakgrunn i at Mo er den skulen med det minste elevtalet i kommunen. Det er og den skulen som får minst reisebelastning for elevane.

Kostnader

Kostnadane for å drive skuledelen av Mo oppvekstsenter pr 2025 er ca. kr. 6 100 000,- på årsbasis. Dette er altså den samla summen som går med til fastløn, sosiale kostnader, driftskostnader, skysskostnader til saman ved Mo oppvekstsenter.

Tilrettelagt opplæring

Når det gjeld tilrettelagt opplæring så bruker vi kring ca. kr. 300 000,- ved Mo oppvekstsenter. Desse behova vil mest truleg ikkje endre seg på kort sikt om ein skulle gå til det skrittet å legge ned oppvekstsenteret. Difor tek ein sikte på å oppretthalde tilrettelagt opplæring og kostnadane knytt til dette i ein grunnskulestruktur med tre skular (Subus, Bø/Bæ og Tostop).

Tal på klassar

I dette alternativet vil det kome i underkant av 35 elevar ekstra til Subus. Denne veksten i elevtal vil Subus kunne ta utan at det utløyser fleire klassar enn det vi har i dag.

Skulefritidsordning (SFO)

Når det gjeld SFO så trur vi at dette behovet sannsynlegvis vil bli slik som det er pr i dag. Dei elevane som har SFO på oppvekstsentra vil også ha dette dersom alle er samla på ein skule.

Skysskostnad

Skysskostnad i kr. knytt til alternativ 3 vil vere på ca. kr. 164 000,-.

Bortfall av statsstøtte

Surnadal kommune får ca. kr. 540 000,- i året for kvar grunnskule vi har. Dette beløpet fell bort den dagen vi legg ned ein skule.

Overtal

Vi har 4 årsverk med undervisningsstillinger til saman på Mo pr i dag. Subus er ein stor arbeidsplass og det er stadig personar ute i foreldrepermisjonar, etterutdanning eller pensjonistar slik at det vil vere eit behov for fleire lærarar ved skulen. I alternativ 3 trur ein ikkje det vil bli noko overtal i samband med at Mo eventuelt vert flytta til Subus.

Barnehage

I alternativ 3 blir Mo barnehage verande att på Mo. Da kan ein tenkje organisere barnehagen inn i ein av sentrumsbarnehagane.

Generelt om SFO (skulefritidsordning)

Kostnader med SFO er inne i tala for grendaskulane. SFO har sitt eige areal på Subus og bruker fellesareal for å avvike måltid etc. Dersom talet på elevar aukar må ein ta i bruk klasserom som SFO-areal. I dag er klasseromma kun til bruk for den enkelte klasse og ein klasse kan sette sitt særpreg på rommet. Dette kan bli annleis dersom fleire aktørar må dele på rom.

ROS-analyse og konsekvensar

I arbeidet med å vurdere endringar i grunnskulestrukturen i kommunen, har vi gjennomført ein Risiko- og Sårbarheitsanalyse (Vedlegg 1 - ROS-analyse). Skuleleiarane, verneombod og administrasjonen i Oppvekst har utarbeidd ROS-analysen. ROS-analysen er vedlagt.

Formålet med ROS-analysen er å identifisere og vurdere potensielle risikoar og sårbarheiter som kan oppstå som følgje av dei tilrådde endringane. Analysen gir eit heilskapleg bilete av mogelege konsekvensar og bidreg til å sikre at avgjerder blir tekne på eit informert grunnlag.

ROS-analysen omfattar følgjande hovudelement:

- **Identifikasjon av risikoar:** Kartlegging av mogelege hendingar som kan påverke tryggleik, læringsmiljø og drift av skulane.
- **Vurdering av sannsyn og konsekvens:** Analyse av kor sannsynlege dei identifiserte risikoane er, og kva konsekvensar dei kan ha for elevar, tilsette og lokalsamfunnet.
- **Tiltak for risikohandtering:** Forslag til tiltak som kan redusere eller eliminere dei identifiserte risikoane.
- **Revurdering av sannsyn og konsekvens etter tiltak:** Analyse av kor sannsynlege dei identifiserte risikoane er etter forslag til tiltak, og kva konsekvensar dei da kan ha for elevar, tilsette og lokalsamfunnet.

Når det gjeld akseptkriterier i ROS-analysen settes det ei grense for tiltak ved 9 etter at ein multipliserer konsekvens med sannsyn.

9-25	Høy risiko
3-8	Middels risiko
1-2	Lav risiko

Figur 2

Gjennom denne analysen har vi fått eit betre grunnlag for å forstå dei potensielle utfordringane og moglegheitene knytt til endringane i grunnskulestrukturen. Dette bidreg til å sikre at dei tilrådde endringane er forsvarlege og at dei kan gjennomførast utan at det kjem mange utilsikta hendingar i etterkant av ei eventuell endring i grunnskulestrukturen.

Litteraturliste

Barneombudet. (2025, 14. mai). *Hvordan vurdere barnets beste i saker som berører barn generelt?*

[Barnerettighetsvurderinger steg for steg – Barneombudet](#)

Drammen kommune. (2025, 15. Mai). Vedlegg 5 – Vurdering av barns beste. [Vedlegg 5 - Vurdering av barns beste](#)

Eckhoff, N. (1986). *Udelt og fådelt skole – ei innføring*. Universitetsforlaget

Germeten, S.& Gaarder, F. (2004). *Fleksibel skolestart et år etter: rapport III fra evaluering av "Fleksibel skolestart for 6-åringer"* i Oslo. HiO rapport; 2004 nr 15.

Hattie, J.A.C. (2009): *Visible learning. A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement*. Routledge.

Kristensen, A. (2022). *Rødøyprosjektet II- 2019–2022: Digitale klasserom mer fulldelte klasser i fådelte skoler*. Forskningsrådet.

Kvalsund, R. (2009). *Centralized decentralisation or decentralized centralisation. A review of Norwegian research on schools and their communities*. I International journal of Educational Research Volum 48, p. 89-99.

Kvam, V. (2015). *Bygdeskoler med fådelt ordning – en aktuell politisk og pedagogisk utfordring*. (1969–1975). Bedre skole Nr. 3.

Lillejord, S. (2021, mai). *En skole for vår tid*. Ekspertgruppe for skolebidrag. [en-skole-for-var-tid_v5.pdf](#)

Meld. St. 34. (2023-2024). *En meir praktisk skole. Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.-10. trinn*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-34-20232024/id3052898/?ch=1>

Nordahl, T. (2022). *Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring*. HINN, skriftserien 9 – 2022.

Bufdir. (2025, 2. juni). *Barnevernsreformen – en oppvekstreform*. [Barnevernsreformen - en oppvekstreform | Bufdir](#)

Ramstad, N. (2014). *Gir økt skolestørrelse bedre elevresultater? En empirisk undersøkelse av PISA i de nordiske landene*. Masteroppgave NTNU. https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/267618/734036_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Robinson, V. (2014). *Elevsentrert skoleledelse*. Cappelen Damm Akademisk.

Rønning, W., Solstad, K.J., Øines, T. (2003). *Det trengs ei hel bygd for å oppdra et barn*. NF-rapport nr.3-2003.

Statistisk sentralbyrå. (2025, 2. juni). <https://www.ssb.no/>

Surnadal kommune. (2025). *Kommuneplan - Samfunnsdelen*. [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#).

Surnadal kommune. (2025). *Oppvekstplan 2020*. [20_02254-1-20-08-21-oppvekstplan-surnadal-2020-280046_1_1.pdf](#).

Solstad, K.J. & Thelin, A.A. (2006). *Skolen og distrikta. Samspel eller konflikt?* Fagbokforlaget.

Surnadal kommune. (2025). *Vurdering av skulekrinsgrensene*.

[20_02859-2 Surnadal skulestyre Sak 83_95 Vurdering av skulekrinsgrensene 18.09.1995 296787_1_1.PDF](#).

Surnadal kommune. (2025). *Fastsetting av Forskrift. Skulekrinsgrenser for Todalen og Stangvik skule*.

[20_02859-15 Fastsetting av Forskrift - Skulekrinsgrenser for Todalen og Stangvik skule frå 01.03.2021 324349_8_1.PDF](#).

Surnadal kommune. (2025). *Samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule*.

[2012_2583-32 Samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule 346991_1_1.PDF](#).

Øvstehage, M. (2015). *I hvilken grad er læringsmiljøet ved en skole påvirket av skolestørrelse?*

Masteroppgave, Høgskolen i Hedmark. <https://brage.inn.no/inn-xmloi/bitstream/handle/11250/2367321/Oevstehage.pdf?sequence=1&isAllowed=y>.

Vedlegg

Vedlegg 1 - ROS-analyse

Vedlegg 2 - Forskrift om skulekrets frå 1995

Vedlegg 3 - Forskrift ved samanslåing av Bøfjorden og Bæverfjord skular i 2013

Vedlegg 4 - Forskrift om samanslåing av Todalen og Stangvik skular i 2021

Vedlegg 5 - Analysen frå FRAM